

Program i Røldal

Fredag 8.juli

RØLDALSSPELET DEN LANGE VEGEN

Røldalsspelet fortel Røldal si pilegrimshistorie gjennom spel og musikk. Deltakarar på pilegrimsreisa frå Bømlo til Røldal 6. - 10. juli får sjå dette spelet fredag 8. juli. Billett er inkludert i deltakaravgifta.



Laurdag 9. juli

Pilegrimsstemne i Røldal: Tidebøner, stille time, pilegrims seminar, kross vandring (6 km) og midnattsmesse.

Søndag 10. juli

Morgonsamling i kyrkja, frukost og avslutning. Turen sluttar her. Rutebuss tilbake. Returreisa betaler kvar enkelt sjølv.

Tema undervegs

På Moster der pilegrimsvandringa startar skal det i 2024 feirast 1000 årsjubileum for Kristenretten. Jubileet har tre tema dei ynskjer samtalar rundt fram mot jubileumsfeiringa. Fridom, rettsvern og likeverd. På turen til Røldal vert fridom, som også er ein av sju kjenneteikn for pilegrim, brukt som ein raud tråd i refleksjonar undervegs. Dei seks andre nøkkelorda for pilegrim er langsomheit, enkelheit, bekymringslause, stillheit, fellesskap og spiritualitet. Nøkkelorda for pilegrim handlar om oss menneske, både om ei ytre vandring og våre indre lengslar.

For informasjon om pilegrimar før og no sjå t.d.:

<https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/tema/pilegrim/>

<https://pilegrimsleden.no/pilegrimsledene/kystpilegrimsleia>

<https://www.visitnorway.no/listings/r%C3%B8ldal-stavkirke/24377/>

- Pilegrimstur -

6.-10.juli



Moster-Halsnøy-Skånøvik-Øtnø-Røldal

Program for turen

Onsdag 6.juli

Samling, omvising og utsending i Moster gamle kyrkje kl.10.30. Båt frå Moster til Halsnøy kloster. Omvising på klosteret og vandring i kulturløypa som ligg rundt klosteret. Etter opphaldet på Halsnøy set båten kursen mot Skånevik. Overnatting på Skånevik fjordhotell.




Torsdag 7. juni

Vandring frå Skånevik til Etne

langs den gamle postvegen. Turen tek 3-4 timar, middels tung, og på fast underlag. I Etne

vert det ei samling i Stødle kyrkje.

Vidare går turen med buss/bil til Utsikten på Seljestad der det vert middag, kveldssamling og overnatting.



Fredag 8.juli

Vandring frå

Seljestad til Røldal.

Transport med bil frå

Utsikten til starten

av sti/veg. Du kan

velje mellom to

alternativ.

Gamlevegen/postvegen eller sti over fjellet. 3,5/15 km. I Røldal vert det velkomst i kyrkja, innlosjering i camping-hytter, middag og spel.



Praktisk informasjon

Tid: Onsdag 6. – søndag 10. juli 2022

Arrangør: Kyrkjelydane på Bømlo.

Turleiarar: Sissel Fylkesnes Våge, Berit M. Andersen, Lauritz Haarr, Fridleif Lydersen, Birgitta Vedøy.

Plass: 25 deltakarar på langturen. Mogleg å bli med på dagsetappar undervegs. Alle velkomne!

Overnatting: Hotell/leirplass og campinghytter.

Ta med: Dagstursekk, termos, sitjeunderlag, høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar til vandringane. Bagasjen elles vert transportert frå stad til stad.

Pris: 3450,- kr. Prisen dekkjer alle utgifter undervegs frå Moster t.o.m. Røldal.

Påmelding: Innan 23. juni 2022 til Sissel.Vage@bomlo.kommune.no

Eller telefon: 993 25 028 /53 42 32 85

Husk også eiga reiseforsikring.

Reisande frå Bergen som ynskjer å delta rekk utsendinga i Moster gamle kyrkje/amfi med hurtigbåt eller buss onsdag morgon. For forslag til reiserute ta kontakt med Regionalt pilegrimssenter i Bergen. Det vert sett opp skyss frå båtkai/ busshaldeplass til Moster etter behov.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål om turen.

